



Årsrapport 2018

Vedtatt av styret i møte 26.02.2019
(sak 02/19)



17.mai for alle i strålende solskin var godt besøkt - med god mat, taler og litt moro. Den nye direktøren skal gjøre seg fortent til tillit fra kultursjefen...

Innhald

0 Innleiing og samandrag	3
Nokre høgdepunkt frå 2018.....	3
1 Organisering av verksemda	6
Venneforeiningar.....	6
Styret	6
Tilsette	7
Frivillig arbeid.....	9
Kvalitetssikring	10
Økonomiske rammevilkår	11
2 Museet som samfunnsminne	13
Bygningar	13
Fartøy	15
Samlingsforvaltning	16
Dokumentasjon og forsking	19
3 Museet som møteplass	21
Utstillingar.....	21
Tilgjengelegheit og besøk	22
Andre publikumstenester.....	25
Takk.....	26



Nokre av gjenstandane som blei registrert i 2018.

0 Innleiing og samandrag

Årsrapporten til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På nokre punkt er likevel årsrapporten utfyllande i forhold til resultatrapporten. Resultatrapporten og Årsrapporten viser at vi i stor grad har nådd måla våre i vedtatt handlingsprogram og årsplan. På nokre områder har vi oppnådd svært gode resultat.

Nokre høgdepunkt frå 2018

- Tradisjonell handverk og bygningsvern har vore satsingsområder for museet i mange år. Vi ser nå at Ryfylkemuseet har bygget opp eit omdømme som spesialister på bygningsvern. Eit godt eksempel er ei førespurnad vi fekk i byrjinga av året. Eigedomsavdelinga i Stavanger kommune vurderer korleis dei skal organisere vedlikehald og bevaring av historiske bygg i kommunal eige framover. I den samanhengen var det naturleg for saksbehandlaren å be oss om eit møte for å få gode råd om korleis dei kan ta tak i saka. For museet har bygningsvern og tradisjonell handverk blitt ein viktig del av identiteten. Vi bestemte oss i vår for å synleggjera dette meir for besökande, ved å lage ei ny basisutstilling på Nesasjøhuset om tradisjonell byggehandverk. Utstillinga er tenkt opna til sommar 2020, og vi reknar med å bruke ein del tid til dette særleg i 2019.
- Våre to handverkarar fortsetter studiane ved NTNU, og vi reknar med at begge blir ferdige med bacheloren til sommaren 2019. Dette er ein monaleg investering for museet som vi meiner er eit viktig tiltak for kompetanseutviklinga i organisasjonen. Samtidig er innsatsen med å gjere Ryfylkemuseet til eit (endå meir) kjent namn i fagmiljøet.
- Skifting av taket på løa på Hustveit er eit omfattande arbeid, som vi fekk gjort i 2018. Slike store restaureringstiltak er bestandig krevjande, og for museet er ein viktig suksessfaktor at vi har gode planar på plass for å foreta fornuftige prioriteringar.
- Museet fekk ein ny direktør i januar, som blant anna gjorde seg kjent med jobben ved å snakka med kommunane om ønsker, frustrasjonar og planar vidare. Det blei teke godt i mot, og vi fekk etablert ein positiv kontakt. Fleire kommunar uttrykka ønske om ein revisjon av avtalen. Prioritert er i første omgang Finnøy, Forsand og Rennesøy pga. kommunesamanslåinga. Her kom arbeidet godt i gang i 2018. Neste på lista blir Kvitsøy etter ønskje frå kommunen. Også aktuelt for ein ny avtale i nær framtid er Sauda (med satsing på industrihistorie og planar om å konsolidere lokalarkivet inn i Ryfylkemuseet) og Strand (der både kommunen og museet har fått ny energi og ønske om å få etablert eit større, fast musealt tilbod).
- Folkemusikkarkivet har jobba mykje med rekrutteringsprosjekta «Bygda dansar» og «Fuglen». Begge er større prosjekt som vi fekk støtte til og som

har som mål å få yngre og nye menneske interessert i folkemusikk. Arrangementa som kurshelg, konserter og samlingar blei gjennomført gjennom heile året, og var stort sett godt besøkt. Nytt i 2018 var også konsertserien «Folk på fredag» i Suldal, med støtte av Norsk kulturråd. Satsinga på formidling og rekruttering har betydd at andre deler av arbeidet gjekk litt sakte, men vi ser at den prioriteringa gir effekt med tanke på etablering av eit miljø i Rogaland.

- I Sauda satsar museet stort i 2018, med til saman nesten eit årsverk sett av til utvikling av ny basisutstilling på Industriarbeidermuseet og etablering av samarbeid med Sogelaget og Folkets Hus. Vi ser at det er stor lokal engasjement (både frå kommunen og frå frivillige) i Sauda og eit sterkt ønske om å etablere «Den historiske industribygda Sauda» som merkevare. Difor er det viktig at museet er involvert i prosesser og vidareutviklar Industriarbeidermuseet. Viss Sauda kommune lykkast med satsinga, vil det har stor betydning for museets utvikling i kommunen.
- Museet avslutta i 2018 skuleturnéen for 1.-7.klasse i heile Ryfylke. Gøril fekk forlenga vikariatet sitt med kvardagsintegreringsmidla, og kunne difor fullføre turnéen. Skular i alle kommunar har fått tilbod. Turnéen var svært vellykka, og vi har planar om å gjennomføre ny turné i 2019. Dette er eit formidlingskonsept som vi meiner kan bli eit viktig verktøy for museet.
- Ryfylkemuseet har lansert ny app. Betaversjonen er oppe å gå, og mange punkter er allereie lagd inn, særleg i Suldal og Sauda men også i Hjelmeland og på Rennesøy. Vi har nå gjort oss ein rekke erfaringar, og ser kva som funkar godt og kva vi må jobbe meir med.
- Samarbeidet med Ryfylkealliansen om særtrykk av Folk i Ryfylke 2017 resulterte i ei bok med tittel «Ryfylke – samarbeid i 50 år». Resultatet blei fint, og museet kan i 2018 skryte med to Folk i Ryfylke-publikasjonar. Folk i Ryfylke 2017 blei lansert i april og Folk i Ryfylke 2018 med tema «Typisk norsk?» fekk lanseringa 13.desember.
- Tall Ship Races 2018 i Stavanger gjekk av stabelen 25.-28.juli. Planlegginga og gjennomføringa tok ein del tid. For museet er dette ein forholdsvis ny arena og ein fin moglegheit å presentere seg i Stavanger, på lik linje med musea i byen. Resultatet var verkeleg eit høgdepunkt i 2018. Ryfylkemuseet var til stads med ein stand der handverkarane bygget eitt stavbygg, og vi selde bøker. I tillegg var *Brødrene af Sand* særskilt invitert, og venneforeininga gjorde ein strålende innsats for å vise frem ryfylkejakta. Vi stilte dermed med to attraksjonar som begge var sentral plassert.
- Samlingsavdelinga har dei siste åra tatt eit skikkeleg tak i arbeidet med digitalisering både av foto, lydfiler, videooppptak og gjenstander. Arbeidet fortsetter i 2018. Innsatsen var spesielt viktig for lydfiler og filmoppptak, fordi originalane er stort sett lagra på medier som ikkje kan spelast av dagens teknologi (t.d. kassettar). I 2018 var også fokuset på å katalogisere

gjenstandar og foto i Primus-databasen for å sikre at kunnskapen om dei blir bevarte, og å publisere katalogiserte poster på Digitalt Museum. Til saman blei ca. 2700 gjenstandar og ca. 7300 foto katalogisert i Primus, og ca. 700 gjenstandar og 3250 foto publisert på Digitalt Museum.



Vikar Gøril på skuleturné.

1 Organisering av verksemda

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølegeigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

Venneforeiningar

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 334 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2017	2018
Forsand	2	3
Strand	15	14
Hjelmeland	35	33
Suldal	120	115
Sauda	29	27
Finnøy	24	23
Rennesøy	17	16
Kvitsøy	3	2
Andre	96	101
SUM	341	334

Årsmøte for medlemmane vart halde på Sand 11. april. I samband med årsmøtet heldt Trygve Brandal eit innslag *Gullkorn frå museets arkiv*, og årsmøtet vert avslutta med ein omvising i utstillinga *Sau og ull rundt Nord-Atlanteren*.

I styret for venneforeininga sit Ellen Jensen Roalkvam, Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Anfrid Halsne er varafolk. Venneforeininga er medlem i Forbundet for norske museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det ei sjølvstendig venneforeining for "Brødrene af Sand". Foreininga «Suldalsdampen», som har ått og drive M/S Suldal fram til museet overtok ansvaret for båten, vart omdanna til venneforeining i museet i 2014. Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

Styret

Styret har 13 medlemmar. Desse har sitte i styret i 2018:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terjer Hidle, Finnøy (leiar)
Kristoffer Nødland

Vara: Audun Rake
Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Tora-Liv Thorsen, Forsand
Snorre Kristian Walde, Strand
Arnfinn Olsen, Hjelmeland
Tormod Skeie, Suldal
Ivar Johannes Handeland, Sauda
Else Norheim, Finnøy
Anne-Kristin Sæther, Rennesøy
Gro Andrews Steine, Kvitsøy

Vara: Thore Håland
Vara: Trond Hjorteland
Vara: Berit Søvik Østerhus
Vara: Kari Vaage Gjuvsland
Vara: Kjell Steinar Andersen
Vara: Rasmus Hidle
Vara: Aadne Aasheim Andersen
Vara: Bente Meling

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):

Hanne Marte Vatnaland

Vara: Torkel Myklebust

For dei tilsette:

Kjell Gunnar Haraldseid
Anette Opheim

Vara: Janneke Wijergangs
Vara: Åshild Vetrhus

Styret har hatt 3 møte og behandla 15 saker.

Tilsette

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Anna Ehrhardt, direktør
Sveinung Søyland Moen, midlertidig overgangsordning som rådgjevar
Sanja Ignjatic, kontorleiar
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30 %)
Mohamed Sayid Ali, reinhaldar (20 %)
Rahmo Abdull Weydow Ali, reinhaldar/ vikar

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar samlingar (70 %)
Bernd Elmies, arkivar (80 %)
Åshild Vetrhus, avdelingsleiar folkemusikkarkivet (60 %)
Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40 %)

Janneke Wijergangs, avdelingsleiar (80%)
Kjersti Moe, formidlar, i foreldrepermisjon frå februar 2018
Anette Opheim, formidlar

Stina Ekelund Erlandsen, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga
Grete Holmboe, antikvar, rådgjevar i 20 % stilling
Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80%)
Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar
Kirstin Hellerdal Fosstveit, bygningsantikvar for Rogaland

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

Mellombels stillingar:

Ellen Bjerkan, vikar formidlingsavdelinga frå februar 2018.
Gøril Ramo Håve, formidlar og ressurs innan kvardagsintegreringssatsinga
Ådne Jordbrekk Fermann, lærling bygningsavdelinga, tok sveineprøven
sommar 2018

Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Ryfylkemuseet har kvart år ein rekke sesongtilsette, skrankeverter og andre i liten
stillingsandel. Desse utgjer ca. 1 årsverk til saman.

Det samla talet på utførte årsverk var i 2018 om lag 15,6.

Sjukefråveret har i 2018 vore på 3,5 %, ei auke mot 2,1 % i 2017. Dette skyldast i
hovudsaken to langvarige graderte sjukemeldingar, ein av dei svangerskapsrelatert.

Prosjektengasjerte medarbeidarar

Roy Høibo, veileder i prosjektet «Barn i Bygda», sjølvstendig næringsdrivande.
Museet bidrog også til Høibos arbeid med kulturminneplanar i Sauda og Forsand.

Ragnhild Folgerø Birkeland, prosjektmedarbeidar Sauda lokalarkiv, Sauda ferie og
fritid.

Fellestenester

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune 2011) var å
etablera fellestenester for samlingsforvalting.

Det vart alt i 2012 oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert
hos Haugalandmuseene, men arbeider for alle regionsmusea i Rogaland, samt Norsk
oljemuseum. Dette gjeld alle fellesstillingane. Fotoustillinga har tilført Ryfylkemuseet
auka kapasitet og kompetanse i arbeidet med fotosamlinga.

Det er oppretta tre stillingar som arbeider med katalogisering av museumsgjenstandar. Desse er kalla Samlingsteam Rogaland og er knytt til Jærmuseet.

Det er òg oppretta ei stilling som bygningsantikvar knytt til fellesstillingane. Stillinga er lagt til Ryfylkemuseet og frå 2018 vert dette ei fast stilling ved museet.

Dei fem regionmusea i fylket og Norsk oljemuseum har gått saman om å utarbeida ein felles plan for samlingsforvaltning. Planen vert ferdig haust 2018 og vedtatt i styret i desember.



Brødrene på sjørøvartokt under Ryfylkedagane.

Frivillig arbeid

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedanfor viser at han er ganske omfattande:

Ryfylkemuseets venneforeining har ikkje hatt store aktiviteter dei siste åra. I 2018 har styret ytret ønske om å komme ordentleg i gang igjen. Det vert gjennomført årsmøte, 3 styremøte og venneforeininga organiserte eit foredrag på Jørpeland i samarbeid med Strand historielag.

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde "Brødrene af Sand" i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i

seglingar med fartøyet. Båten er i drift heile sommaren og har vorte nytta i ulike typar formidling gjennom sommarsesongen med venneforeininga som mannskap.

På Kvitsøy deltok vennegjengen i aktivitetar på Hummermuseet. Det er også etablert eit hummarklekker i tilknyting til museet som vennegjengen drifta.

Bygdekvinne laga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid i skolemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpt inn til formålet.

Museet drar nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det frivillig aktivitet knytt til Industriarbeidarmuseet. Dei bidrar med omvisingar, men har også engasjert seg i arbeid med ny utstilling og vern av samlingane. Fleire av desse er medlemmar i Sauda sogelag som òg nyttar lokala til møteverksemd.

Foreininga Suldalsdampen har tatt vare på M/S Suldal like sidan han gjekk ut av drift i 1979. Etter at museet har overtatt ansvaret for båten er foreininga omgjort til ei venneforeining som skal hjelpe til med sikring, restaurering, vedlikehald og drift av båten. Venneforeininga har dei siste åra deltatt i fleire møte om vidare finansiering av restaureringsarbeidet, i tillegg til å halda omvisingar på Strandaneset der båten no ligg på slipp.

I arbeidet med attreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet.

Kvalitetssikring

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Aktimed. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Museet vart meldt inn som IA-bedrift i 2008. Avtalen vert jamleg fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga vert følgt opp med deltaking på kurs.

For å sikre god dialog og deltaking vert det arrangert personalmøte kvar månad, og eit to-dagars personalseminar kvart år. I 2018 vert personalseminaret bare ein dag. Dette fordi museet arrangerte ein personaltur til Amsterdam i juni, som eit ekstraordinært tiltak til teambygging og fagleg utvikling. Det vert òg gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år.


Det vert frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider me kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Med bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet om å legge reviderte planar for ei rekke arbeidsområde ved budsjettsøknaden til departementet, er det utarbeidd planar for bygningsverk, dokumentasjon og forsking, nettverk og samarbeidstiltak, formidling, for samfunnsrolla og for ansvars og oppgåvefordeling. Etter at det i 2015/2016 vart gjennomført eit prosjekt for prioritering i bygningssamlinga, er det utarbeidd nye forvaltingsplanar for fem av anlegga til museet. Våren 2017 vart det utarbeidd internkontroll for personopplysingar og informasjonssikring ved Ryfylkemuseet, som òg inneholdt ein handlingsplan for det vidare arbeidet. Hausten 2017 vart det utarbeidd ny beredskapsplan for Ryfylkemuseet, som blei presentert i personalmøte i januar 2018. Det vert òg arbeidd med ein kompetanseutviklingsplan for museet.

For å vedlikehalda og utvikla kompetansen til dei tilsette deltar me på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innanføre aktuelle fagområde, og me oppmunstrar dei tilsette til å ta seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklande aktivitetar. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

Økonomiske rammevilkår

Inntektene til museet er driftstilskot frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilskot, tilskot til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs, med meir.

Museumsreforma har gitt grunnlag for vekst i årsbudsjetta dei seinare åra. Museumsreforma har vore eit statleg program for vidareutvikling av musea. Summen av bokførte driftsinntekter i 2018 var 15,4 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskota 12,5 mill. kr. Driftstilskotet for 2019 er om lag 15,6 mill. kr. Utviklinga av dei samla inntektene sidan 1990 har vore slik:



Kulturdepartementet bidrar med det største tilskotet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidrar med mindre støtte til drifta. Driftstilskota frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjorde i 2018 om lag 81 % av dei samla inntektene til museet.

Veksten i inntektene det siste tiåret har gitt grunnlag for auke i personalet og styrka innsats på mange område, men Ryfylke er ein stor og mangfaldig del av landet, noko som gjer at oppgåvene alltid er fleire enn det vi rekk å ta i ferde med.

2 Museet som samfunnsminne

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker me å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring (samtid formidling av dette arbeidet, sjå punkt 3).

Bygningar

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 85. Dette inkluderer dei to store fartøya våre, «Brødrene af Sand» og «M/S Suldal» (Suldalsdampen). Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

Kommune	Stad	Eigar	Tal
Forsand	Bergevik	Grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	2
	Kvæstad	Sjølv	2
	Ritland/Vasshus	Grunneigarane	6
	Kolbeinstveit	Sjølv	17
	Øystad	Grunneigarane	3
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
	Strandaneset	Sjølv	1
Sauda	Hustveit	Sjølv	13
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	2
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
Sum			85

Alle bygningane i samlinga til museet er registrerte i bygningsmodulen i Primus og publiserte på nettstaden Digitalt Museum.

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadfunksjonar, eit bygg for lager- og verkstadfunksjonar på Sand og eit overbygg for slippen til Suldalsdammen på Strandaneset.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å henta fram, dokumentera og vidareføra den handlingsborne tradisjonskunnskapen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioritære arbeidsoppgåvene.

Rapporten frå prosjektet «Prioritering i bygningssamlingar» og forvaltingsplanar for anlegga Kolbeinstveit, Hustveit, Industriarbeidarmuseet, Viga og Li er viktige verktøy for å sikra det vidare vedlikehaldet av bygningane. Utfordringa framover er å vurdere kunnskapen vi har samla og utvikle langsiktige strategiar for anlegga som er både økonomisk berekraftige og fagleg tilfredsstillande. Etterslepet i vedlikehaldet og løpende arbeid gjer bevaring av bygningane til den mest ressurskrevande oppgåva for museet i eit lengre perspektiv.

Sidan hausten 2015 har Ryfylkemuseet hatt to handverkarar som studentar ved NTNU på bachelorstudiet i Tradisjonelt bygghandverk. I 2018 har museet òg vore lærearena for dette studiet. All dokumentasjon er arkivert på museet.



Nesasjøhuset ein vakkar sommardag.

Fartøy

Museet eig 12 mindre båtar, Ryfylke-jekta "Brødrene af Sand" og passasjerskipet «Suldal».

Etter å ha vore på slipp hos Ryfylke trebåtbyggeri på Finnøy fram til våren 2017, var Brødrene af Sand i 2018 tilbake i drift ved Ryfylkemuseet. Det var stor aktivitet, noko som vises bl.a. gjennom leigeinntekter i rekneskapet. Det mest verdfulle resultatet kan likevel ikkje bli målt økonomisk, men ligg i fornya engasjement i venneforeininga og interessa som vi opplever frå befolkninga når båten er synleg langs kysten. Den største publikumssuksessen opplevde vi under Tall Ship Races i Stavanger i sommar 2018.

M/S Suldal vart i 2014 overført frå Foreininga Suldalsdampen til museet. Sidan overtakinga har Ryfylkemuset fått reist eit vernebygg for skipet som no ligg på slipp på Strandaneset ved Suldalsvatnet. Utfordringa frametter blir å finansiera omfattande restaureringsarbeid før fartøyet kan settast på vatnet att. I 2018 blei arbeidet med ein teknisk-historisk rapport avslutta, der ein førebels versjon er lagt ved søknad til Riksantikvaren om støtte til restaureringa. Vi fekk i 2018 avslag frå Riksantikvaren, men tilsegn frå fylkeskommunen og Ryfylcefondet, noko som betyr at dokumentasjons- og restaureringsarbeidet kan starte skikkeleg i 2019.



Frå vernebygget til Suldalsdampen. Mykje som skal på plass før restaureringsarbeidet kan begynne.

Samlingsforvaltning

Gjenstandar

Ryfylkemuseet har per 31.12.2018 ansvar for 21 356 kulturhistoriske gjenstandar. I løpet av 2018 har museet registrert ein tilvekst av 712 gjenstandar, gitt til museet av ulike givarar. All ny tilvekst blir fortløpende katalogisert i Primus med foto. Det blei også avhenda 22 gjenstandar pga. svært dårlig tilstand.

I 2018 vert katalogisering og digital publisering av gjenstandar frå Finnøy bygdemuseum prioritert, i tillegg blei det jobba med etterslep frå 2002-2003 i henhold til planen.

Etter sommaren oppdaga samlingsavdelinga at det hadde komme møll inn i magasinet i Nybygget på Sand, og satt straks i gang med tiltak, den viktigaste systematisk nedfrysing av alle tekstiler. Møllfeller som blei satt opp i etterkant tyder på at vi klarte å kvitte oss med mølla før den blei ein reell plage.

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

Kommune	Stad	Tal på gjenstandar
Forsand	Forsand b.mus. (D)[1]	806
Hjelmeland	Bergevik, sjøhuset Viga (D)	500 2 278
	Hjelmeland bygdemuseum (D)	1 688
	Årdal bygdemuseum[2] (D)	591
Suldal	Håland	855
	Jelsa skulemuseum	67
	Sand[3]	2 524
	Kolbeinstveit	1 240
	Røynevarden	362
	Kvednahola	44
	Li (D)	1 666
Sauda	Hustveit	527
	Industriarb.museet	539
	Sauda museum	1 227
Finnøy	Finnøy bygdemuseum (D)	1 900
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165
	Bakken	100
	Mosterøy bygdemuseum	455

Kvitsøy	Kvitsøy Hummermuseum (D)	738
Magasinet Åmøy[4]	Åmøy	3 084
Uplassert		
SUM		21 356

[1] D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigedomsretten ligg hos den respektive kommunen eller grunneigar.

[2] Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. därleg tilstand.

[3] I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

[4] Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand. Gjenstandar på Åmøy frå Årdal bygdemuseum (137 stk.), Finnøy bygdemuseum (1444 stk.) og Mosterøy bygdemuseum (350 stk.) er ikkje rekna med.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt. Det er oppretta eit inntaksutval som tek stilling til alle tilbod om gåver til museet, av alle kategoriar.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

Naturhistoriske samlingar og kulturlandskapsvern

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader me har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Norsk Genressurssenter (tidlegare Nordisk Genbank) og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. I 2018 vert trea utsatt for beiteskader forårsaka av hjort. Som ein konsekvens satt museet opp eit viltgjerde rundt de historiske fruktsortene.

Gjennom kjøpet av Li har Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune fått hand om både bygningar, innmark og utmark. Museet har tatt på seg eit ansvar for forvalting og drift av bygningane, men det er uklart kven som skal ha ansvaret for skjøtsel av kulturlandskapet.

Ryfylkemuseet forvaltar i tillegg hageanlegg/kulturlandskap knytt til anlegga Kolbeinstveit, Håland, Hustveit, Industriarbeidarmuseet og bygningane på Røynevarden.

Foto

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel om lag 135 000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak frå arrangement og prosjekt og gjenstandsfoto. I 2018 har museet registrert ein tilvekst på 367 foto.

Ein prioritet var fotosamlinga etter Finn Johannessen som blei registrert og katalogisert i Primus.

Vi har om lag 32 000 kulturhistoriske foto frå Ryfylke. Ein del av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre biletar som er lånte inn frå eigarane av biletene. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i programmet Primus. Alle desse reprobildene er digitaliserte. Andre viktige samlingar er samlingar etter Alice Archer, Julius Bårdesen og Finn Johannessen.

Etter kvart som fotosamlinga vert digitalisert kan heile eller deler av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Me legg ut foto på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, www.digitalmuseum.no. Ved utgangen av 2018 hadde me nesten 10 000 foto publisert på Digitalt Museum samt vel 15 000 katalogpostar for museumsgjenstandar. Til saman har vi over 25 000 foto og gjenstandar på Digitalt Museum. Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga og om kraft- og industriutbygginga i Sauda ligg likeeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar. Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

Video og film

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 182 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smalfilmar, og av resten er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Dei fleste er dokumentasjonsfilmar frå bygging av laftebygg ved Bygningsavdelinga.

Lydopptak

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1144 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er gjennom åra registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kassettar, DAT-kassettar, minidisk og digitale lydfiler. Noko over halvparten av opptaka er intervju som er gjort i samband med ulike prosjekt ved museet. Vi har i 2017 fullført arbeidet med å digitalisera desse intervjuopptaka frå lydkassettar. Det dreier seg om 445 kassetar som er digitaliserte på 844 lydfiler. Alle lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitaliserte tidlegare.

Ved innsamling av lyd brukar me no harddiskopptakar, og materialet vert lagra på server som digitale lydfiler.

Privatarkiv

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar over 200 arkiv. Desse er av svært ulik storleik, frå fleire hyllemeter til nokre få dokument. Noko av materialet er ferdig ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer til saman om lag 94 hyllemeter.

Det nyaste museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

Digitalt arkiv

Det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om me skal få det til innanføre dei ordinære driftsmidla.

Det digitale arkivet vert sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som me har med Kultur IT på Lillehammer.

Bibliotek

Ryfylkemuseet har eit bibliotek til eige bruk, som også kan nyttas av besøkande. Museet held biblioteket oppdatert med lokalhistoriske publikasjonar, årbøker frå fleire museum og organisasjonar, museumsfaglege bøker og andre relevante publikasjonar.

Dokumentasjon og forsking

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Arbeidet starta i 1993 og arbeidet har så langt resultert i 8 band bygdebøker for dei gamle kommunane Sand, Erfjord og Jelsa. Det står då att gamle Suldal kommune, der arbeidet no er godt i gang.

I 2015 fekk Ryfylkemuseet støtte frå Kulturrådet til prosjektet «Barn i bygda», med mål om å få auka kunnskap om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn. Prosjektet har bakgrunn i Ryfylkemuseet si fleirkulturelle satsing som starta i 1995, men òg ei auka satsing på barn og unge dei seinare åra. Prosjektet starta hausten 2016 og vert avslutta hausten 2018, men oppfølgingstiltak fortsettar også i 2019

Arbeidet med oppbygging av kompetanse på tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsrapporten.

Publikasjonar

Årboka til Ryfylkemuseet, Folk i Ryfylke, har i 2017 vore eit samarbeid med Ryfylke IKS. Boka har tittelen «Ryfylke – 50 år med samarbeid» og er ei markering av 50-årsjubileet til det formaliserte Ryfylke-samarbeidet. Boka kom ut vinteren 2018.

Årboka for 2018 fekk tittelen «Typisk norsk?», og var ein markering av det europeiske kulturminneåret som satte fokus på korleis kulturar påverkar kvarandre. Boka blei publisert i seinhaust 2018.



Handlingsbåren kunnskap - eller immateriell kulturarv - er det vanskeleg å arkivere. Den bevarast best gjennom å gjøre det. Difor er kurs ein viktig del av både formidlings- og bevaringsoppgåver til museet.

3 Museet som møteplass

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Suksessen til musea vert ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet. Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som høyrer til museet. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging, samt til utvikling av reiselivet i regionen. Vi ser samstundes at publikum stiller stadig større krav til eit aktivt programtilbod for at det skal vera attraktivt å besøka museet. Det vil gå fram av omtalen nedanfor at vi har lagt stor vekt på å komma dette behovet i møte.

Utstillinger

Museet har hatt 20 eigenproduserte utstillinger i meldingsåret:

- *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset, Viklevåg
- *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- *Stavkonstruksjonen*, permanent utstilling på Hustveit
- *Garden og folka*, permanent utstilling på Hustveit
- *Kvitebjørnen*, utstilling for barn, Nesasjøhuset, Sand
- *Skog og sagbruk*, permanent utstilling, Hustveit
- *Lekmannsrørsla og bedehusa*, Bethel, Finnøy
- *Kulturlandskapet*, utandørsutstilling, Hustveit
- *Frå teine til fat*, Kvitsøy Humermuseum
- *Fiske året rundt*, Kvitsøy Humermuseum
- *Båten og motoren*, Kvitsøy Humermuseum
- *Garden og folka*, Røynevarden.
- *Bær og fruktventyret*, Viga
- *Garden og folka*, Viga
- *Bildespelet, Året rundt i frukthagen*, Viga
- *Linjer i Landskapet*, Flørli Kraftstasjon
- *Kraftfull Kultur*, Flørli Kraftstasjon
- *Heime hos industriarbeidaren 1920*, Sauda Industriarbeidermuseum
- *Heime hos industriarbeidaren 1960*, Sauda Industriarbeidermuseum
- *Ein utstilling blir til*, midlertidig utstilling på Sauda Industriarbeidermuseum

I tillegg hadde museet lånt inn vandreutstillinger til Nesasjøhuset:

Ull og sau rundt Nord Atlanteren. Visningstid 10.02.-13.10.2018

Bedehusland, Sjå, eg kjem snart. Visningstid 17.11.2018 til april 2019

Ryfylkemuseet hadde også ein eigenprodusert vandreutstilling, *Mitt Ryfylke*, som blei tilbod til bygdedagar og liknande, og blei vist bl.a. under *Gladmatfestivalen i Stavanger*, 18.-21.07.2018.



Frå vandreutstillinga *Ull og sau rundt Nord-Atlanteren*.

Tilgjengelegheit og besøk Opningstider

Følgjande anlegg og utstillingar har vore opne for publikum heile året:

- *Bibmus*, Kulturhuset Meieriet, Viklevåg, Rennesøy
Heile året utanom sesong (måndag–onsdag og laurdag)
Sommarsesong (måndag, onsdag og laurdag)
- *Jonegarden*, Hustveit, Sauda
Døgnopen og tilgjengeleg for publikum heile året.
- *Hjelmeland bygdemuseum*, Hjelmeland
Ope heile året (tysdag–fredag)
- *Nesasjøhuset*, Sand, Suldal
Ope heile året (måndag–laurdag, alle dagar i sommarsesongen)
- *Røynevarden*, Suldal

Døgnopen og tilgjengelig for publikum heile året.

Følgjande anlegg og utstillingar har vore opent for publikum i sommarsesong, under arrangement eller på bestilling:

- *Utstillinga Lekmannsrørsla og bedehusa*, på bedehuset Bethel, Judaberg, Finnøy. Ope på bestilling og under arrangement
- Utstillingar *Kraftfull kultur* og *Linjer i landskapet*, Flørli, Forsand. Sommaropen
- *Viga bygdetun* med fleire temautstillingar, Hjelmeland. Sommarope
- *Humarmuseet* med fleire temautstillingar, Kvitsøy. Sommaropent og under arrangement, i tillegg på bestilling. Ryfylkemuseet hadde i 2018 ein prøveavtale med Kvitsøy kommune om at dei ordna sommaropent og guiding, og fekk då også inntektene. Det virker som om ordninga vert sett på som vellykka av begge parter.
- *Industriarbeidarmuseet* med miljøutstillingar og midlertidig utstilling, Sauda. Open under arrangement, enkelte dagar i sommarsesongen og på bestilling.
- *Kolbeinstveit*, Suldal. Sommaropen
- *Litunet*, Suldal. Sommarope
- *Skulemuseet med omvising i Jelsa kyrkje*, Suldal. Ope for grupper på bestilling
- *Brødrene af Sand*, historisk jekt, Sand, Suldal. Tilgjengeleg for publikum under forskjellige arrangement gjennom året, t.d. Ryfylkedagen, Tall Ship Races. I tillegg kan grupper bestille turar.

Arrangement

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år rundt 100 arrangement av ulike slag. Arrangementa inkluderer internasjonal kafé, småbarnskafé, gruppebesøk, konserter, skuleopplegg, barnehagebesøk, foredrag, kurs, med meir.

Nokre arrangement kan gjennomførast fleire gonger per år, og har spesiell betydning for museet. Her kan nemnast særleg Internasjonal kafé som mange identifiserer med museet, nissekvelder som har blitt ein populær tradisjon i Hjelmeland, Sauda og Suldal og Folk på Fredag som den nye konsertserien Folkemusikkarkivet arrangerer i samarbeid med Suldal Kulturhus.

Av andre arrangement er den årlige Folkemusikkhelga blitt ein institusjon og *17.mai for alle* er populær både blant nordmenn og innvandrarar. Museet arrangerer også ein rekke foredrag og kurs kvart år, i 2018 kan spesielt nemnast samarbeid med Fortidsminneforeininga om handverkskurs og med bygdekvinnelaget om songkveld på Håland.

Barn og unge

Ryfylkemuseet har frå 2017 i samråd med Suldal kommune vald å leggja planane om eit Lølandsenter på is, men vil fortsetja den sterke satsinga på barnekultur og barnelitteratur som dette prosjektet har lagt eit godt grunnlag for.

Utstillinga Kvitebjørnen, basert på ei forteljing av Rasmus Løland, vert aktivt nytta i denne formidlinga og er populær blant ungane. Vi har særlege tilbod til barn i alle skuleferiar. Det er tidlegare utarbeidd undervisningsopplegg for fleire av anlegga til museet. I 2016-2018 blei eit undervisingsopplegg om segner og eventyr frå Ryfylke tilbudd til alle skuler (1.-7.klasse) i Ryfylke. Det har elles vore skulebesøk (inkl. introsenteret) på fleire av museumsanlegga gjennom året.

I samband med prosjektet Bygda Dansar «Rogalender», som gjennom tre år har som mål å auka danselysta blant ungdom på vidaregåande skular i Rogaland. Folkemusikkarkivet for Rogaland ved Ryfylkemuseet er samarbeidspartner i prosjektet og har deltatt på fleire samlingar i 2018.

Den årlege folkemusikk- og dansehelga i november samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og fleirtalet av deltakarane på kursa er barn og unge. Kursa er opne for både nybyrjarar og dei som har halde på ei stund.

Formidling til barn og unge inngår òg i programmet for bruk av byggeplassane våre som lærearenaer. Vi har i 2018 vore på yrkes- og utdanningsmessa i Sauda.

Året vart avslutta med dei etter kvart tradisjonsrike nissekveldane som vart arrangert på Kolbeinstveit, Viga og Hustveit før jul. Nissevelden på Viga vart arrangert i samarbeid med Hjelmeland Teater og Hjelmeland kulturskule. Nissekveldane er tilpassa barn i ulike aldrar og inneholder forteljingar om nissen i norsk folkekultur.

Besøk

Ryfylkemuseet satsa i 2018 i større grad på eksterne arenaer. Det er ein viktig grunn for at museet opplevde besøksrekord på 29 327 besökande. Rekorden skyldes i stor grad eksterne arrangement, særleg godt besøk på Flørli med ca. 3 000, skuleturné av formidlar og skuleopplegg av folkemusikkarkivet med meir enn 6 000 deltakande barn og ungdommar og Tall Ship Races med ca 3 000 besökande. Sjølv om det er veldig flott med besøksrekord, og det er besøkstal som ofte blir brukt for å måle museets suksess, må ein sjå kritisk på tala. Det viser seg nemlig at museet til tross for besøksrekord opplevde at besøkstal på eigne anlegg ikkje går opp. Vi ser at vi har behov for å jobbe meir nyansert og strategisk med publikumsutvikling framover. Vi kan også konkludere med at å vere synleg i eksterne arena kan vere ein viktig måte å nå befolkninga og turistane på.

Digitale media

Musealt verksemد er ikkje lenger låst til museets anlegg. Særleg synleg blir dette på den digitale arenaen. Vi ser at vi er nøydd til å vere til stades digitalt, og at vi kan nå mange menneske, sjølv om det kan vere utfordrande å telle desse.

Ryfylkemuseet har både heimeside, Facebookside og instagramkonto. I tillegg har museet Facebooksider og Instagramkontor for enkelte anlegg. På disse sidene sørger sommarguidane for at det blir lagt ut nye innlegg jamleg under sesongen, og det gis informasjon om arrangement som kjem. Bygningsvern i Rogaland er ei anna Facebookside som museet er aktiv involvert i.

Ryfylkemuseet lanserte i 2018 ein app, som gjer det mogleg for turister og andre besøkande å finne museets anlegg og få ein verdifull formidling også utanfor opningstider. På sikt er målet at også viktige kulturmiljø og kulturminner utanfor museets vegger skal kunne formidlast i appen.

Andre publikumstenester

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innanfor bygningsvern. Oppdragsgjevarane er både kommunar og privatpersonar.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter biletstoff til ulike føremål. Tilgjengeleggjering av samlingane våre på Digitalt Museum genererer etterspurnad etter kopiar av biletmaterialer.

Bygdebokskrivaren har mykje besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk og andre som er på leit etter tradisjonsmusikk frå Rogaland. Dei kan, på visse vilkår, få kopiert ut materiale frå arkivet.



Internasjonal kafé fortsett å vere ein populær møteplass.

Takk

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Vi vil takke venneforeiningane og andre frivillige for fantastisk innsats og all støtte. Ikkje minst vil vi takke våre dedikerte medarbeidarar som jamleg yter meir enn kva ein leiar kan forlange.

Sand, 26. februar 2018

Terjer Hidle
Styreleiar